

NYTT

KONTAKT OSS

Epost: tips@jbl.no
Tlf: 400 07 900

SOSIALE MEDIER

Twitter: [@jaerbladet](https://twitter.com/jaerbladet)
Facebook: [jbl](https://www.facebook.com/jbl)
Instagram: [#jaerbladet](https://www.instagram.com/jaerbladet)



LÆRLINGAR: Fv: Anne Marie Frafjord, Silje Sande og Maren Osaland Sele trivest som lærlingar ved Haugstad. FOTO: BRIT ROMSBOTN

Møbelfabrikk vil veksa utan fleire folk

Forskarar undersøker no om det er mogleg for Haugstad Trevarfabrikk å få ein kraftig vekst i produksjonen utan å bruka meir pengar på løn.

NÆRINGS- LIV: Møbelfabrikken på Vigrestad er ein av fire norske fabrikkar som sidan mai i år har vore med i forskingsrådsprosjektet Digifab. Målet er at ein ved å bruka moderne teknologi skal få kvar arbeidar til å stå bak ei større omsetning enn i dag.

Nyttar ikkje teknologien som finst

Norge heng langt etter resten av Europa når det gjeld bruk av ny teknologi. Me er rett og slett ikkje

flinke nok til å nytta teknologien som finst. Tanken er at den auka produksjonskapasiteten fører til at me kan produsere større volum, ha kortare leveringstid og betre kvalitet, seier Steinar Gulaker, dagleg leiar ved Haugstad.

I Tyskland står ein tilsett i møbelindustrien bak ei omsetning på åtte til ti millionar kroner. Her i landet er talet 1,5 til to millionar. Skilnaden mellom oss og andre europeiske land, illustrerer dei store moglegheitene som finst.

Me ønskjer ei utvikling som er i samsvar med resten av Europa. For oss er dette også ein måte å tryggje arbeidsplassane på Vigrestad, fastslår Gulaker.

Omsetninga i år blir på kring 40 millionar, nesten dobbelt så mykje som i 2015 då Gulaker starta som dagleg leiar ved Haugstad.

Skal dela erfaringar

Tunge aktørar som NTNU (Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet), Sintef og Høgskulen i

Oslo og Akershus er inne i forskingsprosjektet, som etter planen skal gå over tre år. Representantar frå dei fire verksemdene som det blir forska på, er også aktive i prosjektet.

Det heile kom i gang etter at regjeringa i 2017 sette konkrete mål for utviklinga innan norsk industri og teknologi. Planen er at dei fire verksemdene som er under forskarane si lupe, skal dela sine erfaringar vidare til andre.

Poenget er å etablere pilotfabrikkar som ved hjelp av nye

verktøy og metodar kan hjelpe norsk industri vidare. Å vera ein del av prosjektet medfører også at me blottstiller oss, sidan me skal visa andre korleis ting blir gjort. For eigen del tykkjer eg dette er noko av det mest spanande eg har vore med på i arbeidslivet, seier Gulaker.

Den daglege leiaren ved møbelfabrikken på Vigrestad veit ikkje sikkert kvifor dei blei valde ut til å delta i forskinga.

Men eg har lenge vore meint at det bør vera rom for å auka

Norge heng veldig langt etter resten av Europa når det gjeld bruk av ny teknologi.

Steinar Gulaker, dagleg leiar ved Haugstad Trevarfabrikk

Politiet stoppa ungdomsfest i skogen

KLEPP: Fredag kveld fekk politiet fleire innspel om ein ungdomsfest ved gapahuken i eit skogsområde på Øksnavad. Dei rykka ut ved 19.30-tida, og tok også med seg narkotikahund.

I skogen fann dei 18 ungdommar, dei aller fleste under 18 år. 16 av ungdommane vart no følgde opp av politiet fordi dei var påverka. Tre gitarar hadde røykt hasj, og på ein av dei fann

politiet også litt hasj. Det er oppretta sak mot dei tre.

Alle foreldra er varsla. Barnevernet er også varsla.

– Me er bekymra for at eit så stort miljø av mindreårige er samla, og at narkotika er ein del av rusbruken i gruppa. Me er også bekymra for alkoholbruken i seg sjølv, seier politioverbetjent Bjørn Søyland ved Jæren lensmannskontor.

Fem tatt i farts kontroll

KLEPP: Politiet gjennomførte mandag kveld en farts- og adferds kontroll i Stasjonsvegen i Klepp. Det resulterte i fem forenklede forelegg.

Høyeste målte hastighet var 85 kilometer i timen i 60-sonen.

Elleve vil bli under- visnings- inspektør

TIME: Time kommune har lyst ut ledig stilling som undervisningsinspektør ved Bryne kompetansesenter. Då fristen gjekk ut sist veke, hadde totalt elleve søkarar meldt seg; tre menn og åtte kvinner.

- Parisa Aghaei (36), Kvernaland.
- Hilde Carine Andresen (58), Nærbo.
- Inger Egeland (51), Sandnes.
- Nils Jørgen Fossdal (36), Nærbo.
- Rannveig Rugland Haugstad (50), Vigrestad.
- Stian Wold Hultgren (36), Stavanger.
- Charlotte Høllen (47), Kvernaland.
- Laila Dawn Ljosdal (28), Sandnes.
- Sigurd Nærland (59), Nærbo.
- Neringa Vaitklene (39), Egersund.
- Anette Klepp Vik (49), Sandnes.

Bryne kompetansesenter heitte Time språkstasjon til 2015, og er eit samarbeid mellom dei tre kommunane Time, Klepp og Hå. Kompetansesenteret har tre avdelingar; grunnleggjande norskopplæring for barn, avdeling norsk og samfunnskunnskap for vaksne, samt avdeling grunnskule for vaksne.

For tida er det om lag 270 deltakarar og elevlar frå meir enn 30 land ved kompetansesenteret.

Nils-Ove Støbakk
nils-ove@jbl.no

Lokalt bryggeri- selskap er tvangsoppløyst

TIME: På grunn av manglande revisor er Jæren Bryggeri AS tvangsoppløyst.

Jæren Bryggeri AS blei stifta i 2015. Selskapet har ikkje har meldt inn ein revisor til Føretaksregisteret som fyller aksjelova sine krav.

Det er heller ikkje seinare gitt melding om at manglane er retta opp, heiter det i kjennelsen frå Jæren tingrett, som blei fatta måndag.

Jæren Bryggeri har hatt forretningsadresse i Arne Garborgs veg på Bryne. Advokat Magnus Jonsbråten er oppnemnd som bustyrar. Avviklinga av selskapet skjer etter reglane som gjeld for konkursbu.

Skiftesamtling skal haldast onsdag 14. november.



UNDER LUPA: Haugstad på Vigrestad, her representert med dagleg leiar Steinar Gulaker (t.v.) og nyutdanna møbelsnekkar Martin Eike-land, er ein av fire norske fabrikkar som det blir forska på for å finna ut korleis ny teknologi kan gje større produksjon. FOTO: BRIT ROMSBOTN

omsettinga ved hjelp av ny teknologi. Dette er sannsynlegvis noko som fleire har fått med seg. Etter det eg kjenner til, har det ikkje vore så enkelt å finna bedriftsleiarar som har tru på at dett går an. Sjølv er eg overtydd om at dette er noko som me vil klara, så lenge dei får det til i Sveits og Tyskland, seier Gulaker.

Vurderer nybygg

For møbelfabrikken på Vigrestad er det to alternativ på vegen vidare.

– Truleg kan me dubla produksjonen i dei noverande lokala. Eit anna alternativ er å byggja ny produksjonshall og fem- til seksdobra omsettinga. Sjølv er eg

ikkje i tvil om at nybygg og stor vekst i produksjonen er det som er mest spanande. Samstundes er det også dette som krev størst mot til omstilling. Blir resultatet ny fabrikk, reknar eg også med at me vil stå sterkt når det gjeld støtte frå det offentlege, seier Gulaker.

Møbelfabrikken har ei arbeidsgruppe som arbeider parallelt med dei to alternativ. – Me vil sjølv sagt også ha ei nøye vurdering av marknaden før me bestemmer oss for kva me kjem til å gjera vidare. Men situasjonen i dag er at me ikkje klarer å levera raskt nok til alle dei som ønskjer å handla hjå oss, opplyser Gulaker.

Han ser store moglegheiter i den norske marknaden.

– I dag konkurrerer me mot mange utanlandske. Samstundes veit me at mange entreprenørar helst ønskjer å levera bygg med norskprodusert fast innreiing. Dersom me nå får auka produksjonen utan at lønnsutgiftene går vesentlig opp, blir ikkje utanlandsk konkurranse ein like stor trussel. Meir effektiv produksjon vil gjera oss meir konkurranse- dyktige, fastslår Gulaker.

Dei tre andre deltakarane i prosjektet er Molstad modell og form, som held til i Moelv, Ertec i Tvedestrand og Knudsen dørfabrikk i Skånevik.

Brit Romsbotn
br@jbl.no

Fakta

Haugstad Trevarfabrikk

- Haugstad blei etablert i 1946. I 1963 flytta fabrikk til nye lokale på industriområdet ved Vigrestad der dei framleis held til.
- Haugstad har 23 tilsette, fordelt på 20 årsverk.
- Verksemda produserer eit breitt spekter av møblar med hovudfokus på skule- og barnehagemøblar, kjøkken, kontormøblar og spesialmøblar/innreiingar.
- Mange av møblane blir skreddarsydd i tett dialog og samarbeid med kundane.